

AVTALE



**om samarbeid
om pedagogisk-psykologisk teneste**

mellom

Aurland, Luster, Sogndal

og

Vik kommune



1. Bakgrunn

Kommunane samarbeidar om pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn, heretter kalla Sogn PPT.

2. Avtalepartar

Denne avtala gjeld mellom:

Aurland kommune

Luster kommune

Sogndal kommune

Vik kommune

3. Føremål

Det overordna føremålet med samarbeidet er å få gode tenester frå PPT til brukarane og kommunane.

Det interkommunale samarbeidet skal vere kommunane si pedagogisk-psykologisk teneste etter lov om grunnskule og vidaregåande opplæring kapittel 5, § 5-6.

Partane ynskjer å skape eit større fagmiljø som gir god kompetanse og breidde i fagkompetansen, samt utvikle eit betre tilbod med PP-tenester.

Med vertskommunemodellen er det ynskjeleg at kommunane skal få ei effektiv samarbeids- og styringsform.

4. Organisering

Kommunane Aurland, Luster, Sogndal og Vik er deltakarar i samarbeidet.

Samarbeidet er organisert som eit vertskommunesamarbeid i samsvar med kapittel 20 i kommunelova. Sogndal kommune er vertskommune

Sogndal kommune har som vertskommune ansvar for å utfører oppgåvene i samsvar med gjeldande lovverk.

Dei deltakande kommunane er positive til at Sogn PPT kan utvidast til å omfatta andre kommunar i Sogn regionråd på same vilkår som er nedfelt i denne avtalen, eller dei kan kjøpe tenester frå vertskommunen. Avtale om utviding blir lagt til som vedlegg til denne.

Sogn PPT gir tilråding til deltakarkommunar i enkeltsaker. Vedtaket blir fatta i den enkelte kommune.

Vertskommunen organiserer sjølv PP-teneste ut frå dei oppgåver den etter avtalen og lova skal løyse. Det er dei alminnelege delegeringsreglane i vertskommunen som gjeld for delegering til leiar av PPT.

5. Kostnadar og økonomi

Vertskommunen har budsjettansvar og utarbeidar eit samla budsjett for PPT. Alle utgifter (lønn og sosiale utgifter, kontorutgifter, reise, kurs/opplæring mv.) vert budsjettert og rekneskapsført i Sogndal kommune.

Alle utgiftene vert fordelt etter følgjande fordelingsnøkkel:

25% av utgiftene blir delt likt mellom kommunane

75% etter tal born 0-15 år.

Fordelinga vert gjort på bakgrunn av årlege rapportar.

Oversikt over økonomi og kostnader, samt husleige følgjer av vedlegg til denne avtalen.

Sogndal kommune fakturerer med to à-kontorekningar og ei avrekning per år.

Vertskommunen sender ut faktura høvesvis 01.04 med forfall 01.05 og 01.08 med forfall 01.09.

Vertskommunen sender endeleg avrekning etter at rekneskapen er avslutta.

Oversikt over budsjettoppstilling med kostnader, samt husleige følgjer av vedlegg til denne avtalen.

Kostnadane vert regulert etter løns- og prisjustering i statsbudsjettet.

6. Evaluering

Sogn PPT blir evaluert ein gong kvart år gjennom drøftingar i det etablerte samarbeidsorganet.

Avtalen skal bli evaluert ved behov etter initiativ frå ein av avtalepartane. Evalueringa skal minimum omfatte korleis avtalen fungerer i forhold til behovet og ev. behov for endringar. Endringar kan ikkje skje utan dei andre deltakande kommunar sitt samtykke.

7. Rapportering

Rapportering til kommunane skal skje i samsvar med Sogn PPT sitt årshjul og omfattar økonomiplan og budsjett, halvårsrapport m/status for drift og årsrapport.

Kommunane skal få naudsynte rapportar frå vertskommunen for å kunne føre eige rekneskap og rapportere i Kostra.

Verstskommunen har ansvar for å rapportere til eksterne aktørar, som Fylkesmannen i Vestland og Statistisk sentralbyrå. I denne rapporteringa skal det skiljast mellom kommunane.

Vertskommunen skal utarbeide årlege rapportar som skal danne grunnlag for evaluering av drifta og samarbeidet mellom partane. Rapportane skal som minimum innehalde:

- faglege innsatsområde
- tiltak og innsatsområde i personalarbeid
- produksjonstal
- rekneskap

8. Andre forhold

Samarbeidsorgan:

Det blir etablert eit fagleg administrativt samarbeidsorgan samansette av to representantar frå kommunane: rådmann og kommunalsjef/skulefagleg kompetanse.

Føremålet med samarbeidsorganet er å drøfta og gje innspel til handlingsplan/årsplan og årsmelding, tilrå årsbudsjett innanfor budsjetttramma, drøfta PPT si rolle i grunnopplæringa, vurdere fagsamansetjinga for PP-kontoret og tilrå endringar ev tenesta. Organet er rådgjevande.

Samarbeidskommunane skal ha medverknad i drifta av PP-tenesta. Stikkord er kvalitet i høve:

- felles prosessforståing før tilmelding
- PPT som bidragsytar til å etablere gode rutinar og krav til det kommunale ansvaret (organisasjonsrådgjeving)
- auka merksemd mot tidleg innsats og overgangar
- PPT si vurdering av avvikling og endring av tilbod til einskildelevar.

Leiar av Sogn PPT har eit særskilt ansvar for at organisasjonen skal vere til beste for:

- effektiv ressursbruk
- god kompetanseutvikling og –deling mellom tilsette.

Det skal vere minimum to møter i året, og elles dersom eitt av medlemmane eller leiar i Sogn PPT ber om det. Leiar i Sogn PPT er sekretær for samarbeidsorganet.

Det skal lagast årshjul som får tydeleg fram kva roller, oppgåver og ansvar kvar kommune og Sogn PPT har i samarbeidet. Årshjulet avklarar omfang av arbeidsdagar ute i samarbeidskommunane (barnehagane/skulane)

Arbeidsgjevaransvar:

Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette ved Sogn PPT. Sogn PPT følgjer dei retningslinjene for tilsette som gjeld for tilsette i Sogndal kommune.

Samarbeid med HVL:

Det er ynskjeleg at vertskommunen inngår ein samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet (HVL). Dette samarbeidet kan utviklast til å gje ei attraktiv og komplementær fagleg breidde og ei djupne i tilbodet frå barnehage, grunn- og vidaregåande opplæring. Samarbeidet mellom Sogn PPT og HVL vil kunne styrka regionen sitt konkurransefortrinn i høve rekruttering av fagkompetanse og utvikling av fagmiljøet.

Arkiv, IKT og kontor:

Sogndal kommune skal levere arkivtenester for samarbeidet i samsvar med krav i arkivlova med forskrifter. Det vert fellesarkiv i vertskommunen med eigen arkivdel for kvar kommune.

Vertskommunen stiller kontor, teknisk utstyr (telefon, pc m.m.), lisensar/tilgang til aktuelle datasystem, brukarhjelp og merkantile funksjonar til disposisjon.

Kontorplass for Sogn PPT er Sogndal.

Samarbeidskommunane stiller naudsynt kontorplass og møterom til disposisjon for Sogn PPT.

9. Oppseiing

Kommunen kan trekke seg ut av samarbeidet med eit års varsel.

Det må varslast skriftleg til dei andre kommunane innan 31.12 for oppseiing frå 31.12 neste årsskifte.

10. Søksmål/krav

Dersom tidlegare eller noverande elevar/føresette reiser søksmål med krav om erstatning eller krav om spesialundervising, eller fremjar krav kor Sogn PPT har vore involvert/blitt bedne om å involvere seg/burde vore involvert, er det heimkommunen til eleven som er rett saksøkt/adressat for kravet. Elevar/føresette eller deltakarkommunane kan ikkje rette krav/regresskrav mot vertskommunen.

11. Tvisteløysing

Dersom det oppstår tvist om tolking og/eller praktiseringa av denne avtalen, skal tvisten først søkast løyst i minneleg form. Dersom dette ikkje fører til semje, skal tvisten løysast ved voldgift i samsvar med Lov om voldgift av 14.05.2004 nr. 25.

Avtalen er utskreven i 4 eksemplar, eit til kvar av partane.

Vedlegg:

Oversikt over budsjettoppstilling med kostnader, samt husleige.

Aurland, Luster Sogndal, Vik 17.06.2021

Steinar Sørgaard
rådmann Aurland kommune

Jarle Skartun
rådmann Luster kommune

Tor-Einar Skinlo
konst. rådmann Sogndal kommune

Øystein Søvik

rådmann Vik kommune